



Anne Wergeland

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/3056 - 17/29232

Saksbehandlar:

Ragna Midtbø

Ragna.Midtbo@lindas.kommune.no

Dato:

11.10.2017

## Høyring - framlegg til forskrift om ferie og fridagar i barnehage og skule 2018-2019

Opplæringslova §2-2 og forskrift til opplæringslova §1-6 gjev rammer for omfanget av opplæringa og dagleg skuletid. Forskrifta skal vera tilpassa avviklinga av nasjonale prøvar. Opplæringa skal strekkja seg over minst 38 skuleveker innanfor ei ramme på 45 samanhengande veker i skuleåret. Undervisninga skal i regelen ikkje ta til før kl.08.00 eller slutte etter kl.15.30. Undervisninga kan organiserast i undervisningsblokker av ulik lengd. I tillegg til elevane sine skuledagar kjem ei ramme på 6 planleggingsdagar for pedagogisk personale. Barnehagane og SFO skal setja av 5 dagar til planlegging og samarbeid for personalet.

### Framlegg til datoar for start, slutt og feriar 2018-2019

Alle datoar gjeld frå og med til og med

- Onsdag 01.08.18: SFO start, 11 mnd. tilbod
- Måndag 13.08.18: Barnehageåret startar
- Onsdag 15.08.18: Første dag for nye barn i barnehage
- Torsdag 16.08.18 : Første skuledag
- Veke 41, 8. – 12.10.18: Haustferie
- 22.12.18 - 02.01.19: Juleferie
- Veke 9, 25.02- 01.03.19: Vinterferie –
- 15.04-22.04.19: Påskeferie
- 20.06.19: Siste skuledag
- 

### Framlegg til dagar med elevfri og stengt i SFO og barnehagar:

13.august, 14.august, 9.november, 1.februar og 31.mai.

### Om planleggingsdagar

Planleggingsdagane for personalet i barnehage, skule og SFO kan brukast til felles kompetanseheving på skulen/i barnehagen, i kommunen og i regionen. Kommunane i Nordhordland Kompetanseregion har 2

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733



felles planleggingsdagar, 09.11.18 og 01.02.19, der det vert tilbydd aktuelle kurs for tilsette frå alle kommunar.

Skulane avgjer sjølv etter lokale drøftingar, plassering av planleggingsdagane. Alle farga dagar i vedlagte kalender kan brukast til planlegging for personalet i skulane.

#### **Særskild for skulane:**

##### **1. Flytting av elevfrie dagar**

Om ein skule ønskjer å flytta på ein eller fleire av dei felles elevfrie dagane føreset det drøfting i dei lokale rådsorgana. Skulen må sjølv ta kostnadane og organisering av skuleskyss. Skulen søker rådmannen om endring.

Frist for søknad om flytting av elevfrie dagar: **1.oktober 2018**

##### **2. Undervisning/aktivitet på kveldstid**

Skulen skal til vanleg ikkje ha obligatorisk undervisning/aktivitet på kveldstid jf. Forskrift til Opplæringslova §1-6. Vedtak i Levekårsutvalet 20.01.09 gjev rom for flytting av undervisningstid etter drøftingar i skulen sine rådsorgan. Rådmannen vil presisera at flyttinga av undervisningstid må vera grunngjeven i skulen sine planar. Krav til innhald og læringsmål frå læreplanen må vera tydeleg. Det må også vera krav om oppmøte, og skyss må vera organisert. Flytting av undervisningstid innafor ramma av enkelttimar kan avgjerast lokalt av rektor etter drøfting i dei lokale rådsorgana.

##### **3. Siste dag før jul og sommar**

I Lindås kommune har det vore ein tradisjon at skulane siste dag før jul og sommar har slutta etter 4.time eller slik at det høver med samordning av skuleskyss. Avkorta dag før jul og sommar er ein kompensasjon for kveldsarrangement (ikkje obligatorisk undervisning) gjennom skuleåret.

#### **Høyringa**

Høyringspartar til framlegget til ferie- og fridagar for barnehage og skule i Lindås kommune er offentlege og private grunnskular og barnehagar, organisasjonane og rådsorgan representert ved FAU og SU.

Andre som ønskjer å uttala seg kan også senda svar på høyringa.

Høyringsutkastet er å finna på kommunen si heimeside

Uttale kan sendast til [postmottak@lindas.kommune.no](mailto:postmottak@lindas.kommune.no)

Merk uttalen med: Høyring – Ferie- og fridagar i barnehage og skule 2018-2019

**Frist: 23.november 2017**

Med helsing

Ragna Midtbø  
einingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Høyringsutkast skulerute 2018-2019

**Kopi til:**

Anita Skjørestad Mæland  
Dina Merete Kallestad Dyrhovden  
Kari Sæle  
Kristin Moe  
Silje Andvik Hoaas

**Mottakarar:**

agnes@knarvikbarnehage.no  
Alversund Montessoribarnehage  
Anne Wergeland  
Arne Johannes Riisnes  
Astrid N Sylta  
Cato Risøy  
Christine Helgesen Teigland  
Hanne Haukås  
Henriette Rolland  
Hilland familiebarnehage  
"Smilehullet"  
Hundvin Naturbarnehage  
Høyringsinstansane  
Jarle Næss  
Kate Elin Klementsens  
Katrine Hopland  
Kløvheim heildagsbarnehage  
Knarvik barnehage  
Leiar Hundvin Naturbarnehage  
Leif Bjørnar Hopland  
Leiknes barnehage  
Mari Anne Myrene Bleikli  
Mona Chatlin Hagewick  
Mona Chatlin Hagewick  
Natås barnehage  
Nordhordland barnehage  
Nordhordland kristne grunnskule      Alvermarka 39      5911      ALVERSUND  
Olaf Michal Hella  
Ostereidet FUS barnehage  
Sally K. Kjelstrup Solberg  
Seim barnehage  
Skodvin Montessoriskule      Skodvinsvegen 1      5956      HUNDEVIN  
Solhaugen barnehage  
Solhaugen2 barnehage  
Solveig Laumark-Møller

**Mottakarar:**

Ståle Nordøen

Terje Hugo Aarvik

Torill Persson Solli

Trollskogen barnehage

Turid Grov

Turid Kirsten Sporsheim Tvedt

Wilhaven familiebarnehage